

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/17

av 9. februar 2010

om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (lufttørkande fugemasse)*[meld under nummeret K(2010) 399]*

(2010/83/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 2 bokstav a), og

ut frå desse synsmåtene:

1) I direktiv 89/106/EØF er det fastsett at det for å ta omsyn til moglege skilnader i vernnivå for byggverk på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan kan gjevast høve til å dele kvart grunnleggjande krav inn i ytingsklassar i basisdokumenta. Desse dokumenta er offentleggjorde i «kommisjonsmelding om basisdokumentene til rådsdirektiv 89/106/EØF»⁽²⁾.

2) Med omsyn til det grunnleggjande kravet til brannsikring inneheld basisdokument nr. 2 ei rekkje innbyrdes samanhengande tiltak som til saman utgjør ein brannsikringsstrategi som kan setjast i verk på ulike måtar i medlemsstatane.

3) I basisdokument nr. 2 går det fram at eit av tiltaka er å avgrense brann- og røykutviklinga og brann- og røykspreiinga innanfor eit visst område ved at det vert sett grenser for kor mykje byggjevarene kan medverke til at ein brann utviklar seg fullt ut.

4) Avgrensingsgraden kan uttrykkjast berre ved hjelp av ulike nivå for den ytinga som varer har ved brannpåverknad under sluttbruken.

5) Som ei harmonisert løysing vart det vedteke eit klassifiseringssystem ved kommisjonsvedtak 2000/147/EF av 8. februar 2000 om gjennomføring av rådsdirektiv 89/106/EØF med omsyn til klassifisering av byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad⁽³⁾.

6) Når det gjeld lufttørkande fugemasse, må den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, nyttast.

7) Ytinga ved brannpåverknad er vorten fastlagd for mange byggjeverer og/eller byggjemateriale innanfor den klassifiseringa som er fastsett i vedtak 2000/147/EF, og er vorten gjord tilstrekkeleg kjend for brannforskriftsstyresmaktene i medlemsstatane til at ytinga ikkje treng prøvast for denne eigenskapen.

8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene og/eller byggjemateriala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at ytterlegare prøving er naudsynt.

Artikkel 2

Dei særskilde klassane som skal nyttast for ulike byggjeverer og/eller byggjemateriale, og som inngår i den klassifiseringa av brannpåverknad som er vedteken ved vedtak 2000/147/EF, er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 38 av 11.2.2010, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 197/2012 av 26. oktober 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 6 av 24.1.2013, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽²⁾ TEF C 62 av 28.2.1994, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14.

Artikkel 3

Der det er relevant skal varene vurderast i høve til sluttbruken.

Artikkel 4

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 9. februar 2010.

For Kommissjonen

Günter VERHEUGEN

Visepresident

VEDLEGG

Tabellen i dette vedlegget inneheld ei oversikt over dei byggjevarene og/eller byggjemateriala som oppfyller alle krava med omsyn til eigenskapen «yting ved brannpåverknad» utan at prøving er naudsynt.

*Tabell***Klassifisering av lufttørkande fugemasse med omsyn til yting ved brannpåverknad**

Vare ⁽¹⁾	Vareopplysningar om fugesystemet	Høgste innhald av organisk materiale (vektprosent)	Klasse ⁽²⁾
Lufttørkande fugemasse for gipsplater nytta saman med sparkelteip av papir. Ferdigblanda masse eller pulver som skal blandast med vatn, på alle underlag av klasse A2-s1,d0 eller høgare, med ein tjukkeleik på minst 6 mm og ein tettleik på minst 700 kg/m ³ (bortsett frå golvdekke).	Lufttørkande fugemasse av type 1A, 2A og 3A og sparkelteip av papir ⁽³⁾ i samsvar med EN 13963	7,0	A2-s1,d0

⁽¹⁾ Tettleik til fugemassen i fuktig tilstand: minst 1,1 kg/liter (1100 kg/m³).

⁽²⁾ Klasse slik det er fastsett i tabell 1 i vedlegget til kommisjonsvedtak 2000/147/EF.

⁽³⁾ Største breidd på sparkelteipen av papir: 55 mm. Største masse for sparkelteipen av papir per flateining: 135 g/m².